



Arkivnr: 2014/17732-2  
Saksbehandlar: Birthe Andersen Haugen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet		16.09.2014
Fylkesutvalet		24.09.2014
Fylkestinget		14.10.2014

### Lokal inntaks- og formidlingsforskrift

#### Samandrag

I nytt kapitel 6 og 6A til forskrift til opplæringslova vert det stilt krav om lokal inntaks- og formidlingsforskrift i fylkeskommunen.

Dei fem fylkeskommunane i utdanningsregion Sør-Vest (Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane) har samarbeidd om framlegget til forskrift og merknader til denne. Det er gjort justeringar i forskrifta for å tilpasse henne til politiske føringar i Hordaland fylkeskommune.

#### Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek lokal inntaks- og formidlingsforskrift for Hordaland fylkeskommune slik ho er lagt fram i vedlegg til saka.
2. Lokal inntaks- og formidlingsforskrift trer i kraft 1.1.2015.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre endringar i den lokale forskrifta

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Lokal inntaks- og formidlingsforskrift

## **Fylkesrådmannen, 26.08.2014**

I nytt kapittel 6 og 6A til forskrift til opplæringslova vert det stilt krav om lokal inntaks- og formidlingsforskrift i fylkeskommunen.

Dei fem fylkeskommunane i utdanningsregion Sør-Vest (Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane) har samarbeidd om framlegget til forskrift og merknader til denne. Det er gjort justeringar i forskrifta for å tilpasse henne til politiske føringar i Hordaland fylkeskommune.

Framlegget til lokal inntaks- og formidlingsforskrift vart sendt på høyring til dei vidaregåande skulane, kommunane i Hordaland, elevorganisasjonen, lærarorganisasjonane, opplæringskontora, LO og NHO. Høyringsfristen var 21. august 2014. Det har kome inn fem høyringsuttalar.

Som ei oppsummering kan fylkesrådmannen slå fast at høyringsinnspela som har kome, berre har ført til mindre justeringar i høve til forslaget til forskrift som vart sendt ut på høyring. I teksten under vert høyringsinnspela til dei ulike paragrafane i framlegget til lokal inntaks- og formidlingsforskrift presentert. Nokre av høyringsinnspela fell utanfor denne høyringa, då dei ikkje er knytt til framlegget til lokal forskrift. Desse er ikkje kommentert i tekstane under.

### **§3 Inntak til Vg1**

Paragrafen regulerer inntak til Vg1.

Ulvik, Eidfjord og Granvin kommunar har fremja forslag om at § 3 tek inn ei formulering som sikrar at reisevegen mellom heim og skule ikkje vert urimeleg lang. I Hordaland fylkeskommune er det kapasitetsstyrt fritt skuleval. Dette inneber at ein søkjar står fritt til å søkje seg inn på skular i heile Hordaland uavhengig av bustad. Ei prioritering av elevar etter reiseveg vil vere i strid med det frie skulevalet.

I siste avsnitt vert det opna for at fylkesrådmannen kan ta inn deltidslevar etter at fulltidselevane er tekne inn. OT/PPT har fremja forslag om å gjere det om til ei plikt for fylkesrådmannen om å ta inn deltidslevar. Målet er at eit slikt pålegg skal auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring. Fylkesrådmannen meiner at eit slikt pålegg kan vere vanskeleg å gjennomføre. Skulane har lang praksis for å ta inn delkurselevar når det er ledig kapasitet i klassar og grupper, og dei fleste vil få tilbod om undervisning.

### **§4 Inntak til Vg2 og Vg3**

Paragrafen regulerer inntak til Vg2 og Vg3.

OT/PPT har sett fram forslag om at det vert lagt inn ein kommentar som sikrar elevar med grunnkompetanse som planlagd sluttkompetanse rett til å bli tekne inn til vg2 og vg3 utan at dei fyller alle krava. Dette er i samsvar med gjeldande praksis på området, og fylkesrådmannen har lagt denne kommentaren til grunn for framlegget til inntaksforskrift.

### **§ 7 Inntak til idrettsfag**

Paragrafen regulerer inntak til idrettsfag på grunnlag av dokumenterte ferdigheiter.

Voss gymnas spør om inntak til toppidrett som vert gjort i samarbeid med Olympiatoppen, bør nemnast særskilt. Fylkesrådmannen meiner at formuleringa i framlegget til forskrift tek omsyn også til desse elevgruppene.

### **§10 Utvekslingslevar som søker seg til Vg3**

Paragrafen regulerer prioritering av utvekslingslevane ved inntak til Vg3 når Vg2-året er gjennomført i utlandet.

Voss gymnas har i sitt høyringsinnspel gitt uttrykk for at det kan vere problematisk at søkjar med opplæringsrett og som er elev ved ein skule i utlandet, vert prioritert etter søkjarar som har fullført og bestått Vg2 som fulltidselev ved den prioriterte skulen. Erfaring viser at dei fleste av desse elevane kjem inn der dei har søkt på Vg3, men ved skulane med høgaste karakterpoeng vil ikkje dette alltid vere tilfelle. Fylkesrådmannen meiner at søkjarar som har fullført og bestått Vg2 som fulltidselev ved den prioriterte skulen, bør prioriterast framfor utvekslingsselevar, slik framlegget til forskrift seier. Dette vert gjort for å sikre at elevane får fullføre den fagkombinasjonen dei har byrja på.

Til merknadene har skulen kommentert at når det gjeld elevar i dei såkalla «Hordalandsklassane», er det skulen som er ansvarleg for tilbodet som gjev godkjenning av skuleåret. Dette er lagt inn som merknad i vedlagt framlegg til forskrift.

#### **§ 14 Flytting**

Paragrafen regulerer frist for melding av flytting for å ha rett til inntak til vidaregåande opplæring i Hordaland fylke.

OT/PPT har fremja forslag om ein ny merknad for elevar som flyttar til fylket grunna plassering etter Lov om barnevern. I slike høve må fylkeskommunen forsøke å leggje til rette for inntak heile året for å unngå avbrot i utdanninga til desse elevane. Dette er i tråd med gjeldande praksis, og fylkesrådmannen har lagt inn denne merknaden i framlegget til forskrift.

#### **§ 16 Frammøte første skuledag**

Paragrafen regulerer pålegg om frammøte første skuledag for at ein elev skal få halde på skuleplassen.

Årstad vidaregåande skole kommenterer at omgrepet «utan gyldig grunn» er uheldig, fordi det ikkje går fram kva ein meiner med «gyldig grunn». Dersom det skal vere opp til kvar einskild skule å definere det, vil det føre til ulik handsaming av til dømes feriereiser. Fylkesrådmannen ser at det kan vere rom for ulik handsaming ved skulane og vil i rutinar til inntak omtale kva som kan vere «gyldig grunn».